

**Møteprotokoll**

Utval:	Stord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Stord rådhus, kommunestyresalen
Dato:	21.05.2025
Tid:	14:00 - 16:45

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tarjei Aamot Haga	Leiar	AP
Nils Magne Blålid	Nestleiar	SV
Inga Margrethe Fagerbakke	Medlem	AP
Fredrik Litleskare	Medlem	H
Randi Høgås Nesse	Medlem	UAVH

Merknader

Deloitte AS, v/ Mia Caroline Bratz og Erik Finnes held kurs om klimarisiko og klimabudsjett frå kl. 12.00. Dei to deltok digitalt. Utvalet og varamedlem Vigdis Olsen var på kurset. Fredrik Litleskare kom etter avtale til kontrollutvalsmøtet kl. 14.15.

Andre som møtte

Namn	Stilling	
Tommy Johansen	Kommunedirektør	
Marianne Heggholmen Årbø	Økonomisjef	(sak PS 15 – 16/25)
Inge Espenes	Einingsleiar, Stord Hamnstell	(sak PS 15/25)
Madelaine Agdestein Børtveit	Einingsleiar, for psyk. helse og rus	(tom. sak PS 20/25)
Inger-Johanne Sørbø Solberg	Manager i Deloitte AS (rekneskapsrevisor)	
Kjersti Gjuvsland	Sr. manager i Deloitte AS (forvaltn.revisor)	
Mia Caroline Bratz	Kursføresar frå Deloitte AS	
Erik Finnes	Kursføresar frå Deloitte AS	
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, sekret. for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune	

Tarjei Aamot Haga
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/25	Godkjenning av protokoll frå møte 09.04.25	2023/470	
	Politiske saker		
PS 15/25	Årsrekneskap og årsberetning 2024 for Stord hamn - Uttale frå kontrollutvalet	2023/476	
PS 16/25	Årsrekneskap og årsberetning Stord kommune for 2024 - Uttale frå kontrollutvalet	2023/476	
PS 17/25	Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune	2024/52	
PS 18/25	Kommunedirektøren orienterer om avtale mellom Stord kommune og Vikahaugane Drift og Vedlikehald AS - ishall.	2023/472	
PS 19/25	Oppstart av forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester	2025/15	
PS 20/25	Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester - rapport	2024/98	
PS 21/25	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2023/472	
PS 22/25	Eventuelt	2023/468	
	Referat saker		
RS 13/25	Referatsak om ferjesambandet Nordhuglo - Jektevik - Hodnaneset	2023/477	
RS 14/25	Mottekne skriv som i hovudsak er relatert til selskap der Stord kommune har eigarinteresser	2023/475	
RS 15/25	Nyhetsbrev fra FKT	2022/33	
RS 16/25	Høring – Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene	2022/33	

GK 5/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 21.05.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

GK 6/25 Godkjenning av protokoll frå møte 09.04.25

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.04.2025 vert godkjent.

Saksprotokoll 21.05.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til møteprotokollen.

Møteprotokollen vart samrøystes godkjent.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.04.2025 vert godkjent.

PS 15/25 Årsrekneskap og årsberetning 2024 for Stord hamn - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet registrerer at Stord hamn i 2024 har driftsinntekter på kr. 19.020.000 og eit netto driftsresultat er på kr 677.975. Det gjev eit driftsresultat på 3,6 % (sett opp mot sum driftsinntekter), dvs. godt over tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamn for året 2024, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
3. Uttalen vert send kommunestyret via utval for byutvikling og/eller via formannskapet.

Saksprotokoll 21.05.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Hammesjef Inge Espenes svarte på spørsmål til framlagt årsmelding og årsrekneskap.

Forslaget til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet registrerer at Stord hamn i 2024 har driftsinntekter på kr. 19.020.000 og eit netto driftsresultat er på kr 677.975. Det gjev eit driftsresultat på 3,6 % (sett opp mot sum driftsinntekter), dvs. godt over tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet registrerer at Stord hamn i 2024 har driftsinntekter på kr. 19.020.000 og eit netto driftsresultat er på kr 677.975. Det gjev eit driftsresultat på 3,6 % (sett opp mot sum driftsinntekter), dvs. godt over tilrådinga til TBU.
3. Uttalen vert send kommunestyret via utval for byutvikling og/eller via formannskapet.

PS 16/25 Årsrekneskap og årsberetning Stord kommune for 2024 - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2024.

Saksprotokoll 21.05.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Økonomisjef Marianne Heggholmen Aarbø orienterte om årsrekneskapen og årsberetninga for Stord kommune. Økonomisjef og kommunedirektør svarte på spørsmål. Administrasjonen og utvalet hadde ei god drøfting av kommunaløkonomiske utfordringar. Rekneskapsrevisor i Deloitte, Inger-Johanne Sørbo Solberg, informerte kort om avlevert rein revisjonsberetning.

Fredrik Litleskare tiltredde møtet under saksbehandlinga, og deltok derfor ikkje i avrøystinga.

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke av dei fire som deltok i avrøystinga.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2024.

PS 17/25 Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Unni-Renate Moe, vedrørende om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

Saksprotokoll 21.05.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Unni-Renate Moe, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

PS 18/25 Kommunedirektøren orienterer om avtale mellom Stord kommune og Vikahaugane Drift og Vedlikehald AS - ishall.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 21.05.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør Tommy Johansen orienterte i saka, og svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 19/25 Oppstart av forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester

Forslag til vedtak

Det er ikkje forslag til vedtak i saka, men fleire refleksjonar.

Saksprotokoll 21.05.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør Tommy Johansen hadde anmoda om utsett oppstart av forvaltningsrevisjon innan heimebaserte tenester. Han orienterte om at dette er relatert til føreståande nyrekrutering av einingsleiar for tenestefeltet, omorganisering og generell arbeidsbelastning.

Sekretariatet orienterte om utvalet sitt økonomisk handlingsrom innan revisjonstenester i 2025.

Kontrollutvalet valde å utsetta forvaltningsrevisjonen, og heller gjennomføra ein eigarskapskontroll, fortrinnsvis relatert til Stord lufthamn som er første prioriterte prosjekt i kommunen sin plan for eigarskapskontroll. Utvalet var innom slike moment:

- Finansiering, drifting og økonomi bør stå sentralt.
- Føresetnad om at Vestland fylkeskommune, som den andre eigaren, deltar med forholdsmessig andel av finansieringa.

Etter sams drøfting samla utvalet seg om slik forslag til vedtak:

1. Med bakgrunn i informasjon frå kommunedirektøren i møte vel kontrollutvalet å utsetta oppstart av forvaltningsrevisjon innan heimebaserte tenester til januar 2026.
2. Kontrollutvalet ønskjer derfor å starta ein eigarskapskontroll i 2025, innan Stord lufthamn føreset at VLFK som den andre eigaren er med på å finansiera denne. Alternativt eigarskapskontroll av Stord kommunale utviklingsselskap.
3. Prosjektplan er ønskt til septembermøtet i utvalet.

Utvalet sitt forslag til vedtak i 3 punkt vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Med bakgrunn i informasjon frå kommunedirektøren i møte vel kontrollutvalet å utsetta oppstart av forvaltningsrevisjon innan heimebaserte tenester til januar 2026.
2. Kontrollutvalet ønskjer derfor å starta ein eigarskapskontroll i 2025, innan Stord lufthamn føreset at VLFK som den andre eigaren er med på å finansiera denne. Alternativt eigarskapskontroll av Stord kommunale utviklingsselskap.
3. Prosjektplan er ønskt til septembermøtet i utvalet.

PS 20/25 Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester - rapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester, ber kommunestyret kommunedirektøren om å:

1. Sikra tydeleg oversikt over Eining for psykisk helse og rus sine mål, rollar og ansvar, og at det blir gjennomført jamleg evaluering av verksemda sine aktivitetar, mål og tiltak.
2. Tydeleggjera, både internt i kommunen og ut mot innbyggjarane, kven som har ansvaret for koordinering av dei ulike pasientforløpa i kommunen.
3. Sikra systematisk arbeid med kompetansebehov i psykisk helse- og rustenestene og at det blir gjennomført evaluering av kompetansetiltak.

4. Sørga for tilstrekkeleg formalisering av samarbeid mellom kommunale aktørar, til dømes gjennom å etablere samarbeidsavtalar, og sikra at alle samarbeidsavtalar (også mellom kommunale og eksterne aktørar) blir følgt opp i samsvar med krav i avtalen.
5. Sikra nødvendig og tidsriktig overføring av informasjon mellom kommunen og spesialisthelsetenestene ved inn- og utskrivning av pasientar, samt at det blir meldt avvik ved manglar i samhandlinga.
6. Sørga for at det i kartlegging av nye brukarar
 - a) føreligg tilstrekkelege opplysningar til at søknadar om psykisk helse- og rustenester kan vurderast og avgjerast på ein fagleg forsvarleg måte.
 - b) blir sikra og dokumentert samtykke frå søker dersom kommunen i samband med kartlegginga må innhente opplysningar om vedkomande frå andre tenester i kommunen eller i spesialisthelsetenesta.
7. Sikra at saker blir behandla utan ugrunna opphald, at tenester blir iverksett innan forsvarleg tid og at kommunen snarast mogleg sender eit førebels svar dersom sakshandsamingstida vil vere meir enn ein måned.
8. Etablere system og rutinar som sikrar
 - a) at brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester får informasjon om rett til individuell plan (IP).
 - b) samhandling og koordinering i tenester til brukarar som ikkje ønsker IP.
9. Etablere system og rutinar som sikrar at brukarar får individuelt tilpassa tenester når det blir fatta vedtak på psykisk helse- og rustenester. Under dette
 - a) Sikre at det går fram av vedtak kva teneste(r) som er tildelt, i kva omfang, samt kor lang tid vedtaket er gjeldande.
10. Sikra tilstrekkeleg brukar- og pårørandemedverknad gjennom å
 - a) etablere prosedyrar eller liknande som tydeleggjer korleis kommunen skal involvera brukarar og eventuelt deira pårørande ved tildeling og/eller endring av tenestetilbodet.
 - b) etablere system og rutinar som sikrar at kommunen 1) jamleg hentar inn erfaringar og innspel til forbetring av psykisk helse- og rustenestene frå brukarar og pårørande 2) bruker innspel og erfaringar frå brukarar og pårørande i verksemda sitt kontinuerlege forbetningsarbeid.
11. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 11.11.24 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll 21.05.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kjersti Gjuvsland, orienterte om gjennomført forvaltningsrevisjon og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester, ber kommunestyret kommunedirektøren om å:

1. Sikra tydeleg oversikt over Eining for psykisk helse og rus sine mål, rollar og ansvar, og at det blir gjennomført jamleg evaluering av verksemda sine aktivitetar, mål og tiltak.
2. Tydeleggjera, både internt i kommunen og ut mot innbyggjarane, kven som har ansvaret for koordinering av dei ulike pasientforløpa i kommunen.
3. Sikra systematisk arbeid med kompetansebehov i psykisk helse- og rustenestene og at det blir gjennomført evaluering av kompetansetiltak.
4. Sørga for tilstrekkeleg formalisering av samarbeid mellom kommunale aktørar, til dømes gjennom å etablere samarbeidsavtalar, og sikra at alle samarbeidsavtalar (også mellom kommunale og eksterne aktørar) blir følgt opp i samsvar med krav i avtalen.
5. Sikra nødvendig og tidsriktig overføring av informasjon mellom kommunen og spesialisthelsetenestene ved inn- og utskriving av pasientar, samt at det blir meldt avvik ved manglar i samhandlinga.
6. Sørga for at det i kartlegging av nye brukarar
 - a) føreligg tilstrekkelege opplysningar til at søknadar om psykisk helse- og rustenester kan vurderast og avgjerast på ein fagleg forsvarleg måte.
 - b) blir sikra og dokumentert samtykke frå søkar dersom kommunen i samband med kartlegginga må innhente opplysningar om vedkomande frå andre tenester i kommunen eller i spesialisthelsetenesta.
7. Sikra at saker blir behandla utan ugrunna opphald, at tenester blir iverksett innan forsvarleg tid og at kommunen snarast mogleg sender eit førebels svar dersom sakshandsamingstida vil vare meir enn ein månad.
8. Etablere system og rutinar som sikrar
 - a) at brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester får informasjon om rett til individuell plan (IP).
 - b) samhandling og koordinering i tenester til brukarar som ikkje ønsker IP.
9. Etablere system og rutinar som sikrar at brukarar får individuelt tilpassa tenester når det blir fatta vedtak på psykisk helse- og rustenester. Under dette
 - a) Sikre at det går fram av vedtak kva teneste(r) som er tildelt, i kva omfang, samt kor lang tid vedtaket er gjeldande.
10. Sikra tilstrekkeleg brukar- og pårørandemedverknad gjennom å
 - a) etablere prosedyrar eller liknande som tydeleggjer korleis kommunen skal involvera brukarar og eventuelt deira pårørande ved tildeling og/eller endring av tenestetilbodet.
 - b) etablere system og rutinar som sikrar at kommunen 1) jamleg hentar inn erfaringar og innspel til forbetring av psykisk helse- og rustenestene frå brukarar og pårørande 2) bruker innspel og erfaringar frå brukarar og pårørande i verksemda sitt kontinuerlege forbetningsarbeid.
11. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 11.11.25 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 21/25 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 21.05.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet hadde ein kort gjennomgang av utvalde saker frå møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 22/25 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 21.05.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart ikkje teke opp noko under eventuelt.

Vedtak

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.

RS 13/25 Referatsak om ferjesambandet Nordhuglo - Jektevik - Hodnaneset

Saksprotokoll 21.05.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 14/25 Mottekne skriv som i hovudsak er relatert til selskap der Stord kommune har eigarinteresser

Saksprotokoll 21.05.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet informerte om at det var motteke nye skriv siste veke:

- Innkalling til GF for Stord folkehøgskule 16.05.25.
- Protokoll etter GF i E134 Haukelivegen AS 06.05.25
- Referat frå repr.skapsmøte til Friluftsrådet vest 27.03.25.
- Innkalling til repr.skap Shl. Interkom. legevakt IKS 11.06.25
- Innkalling til GF i Filmparken AS 22.05.25.
- Protokoll frå GF i Shl. lufthamn AS 14.05.25

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 15/25 Nyhetsbrev fra FKT

Saksprotokoll 21.05.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 16/25 Høring – Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene

Saksprotokoll 21.05.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

